

## Søknad om redusert foreldrebetaling i SFO

### 1. Opplysninger om søker - Søker må ha same folkeregistrerte adresse som barnet/barna

Namn		Personnr	
Adresse		Telefonnr	
Postnummer		Epost	
Poststad			

Har du ektefelle, registrert partner eller sambuar? (Svar: Ektefelle, Registrert partner eller sambuar)

Dersom du har sambuar som ikkje er far eller mor til barnet, oppgi dato for når de vart sambuarar


#### Inntektsopplysningar om søker

Skattepliktig person- og kapitalinntekt frå sjølvmeldinga

Event. skattepliktige inntekter som ikkje er kome med på sjølvmeldinga

Sum skattepliktig person- og kapitalinntekt

<i>Beløp</i>

### 2. Opplysninger om ektefelle, registrert partner eller sambuar

Namn		Personnr	
Adresse		Telefonnr	
Postnummer		Epost	
Poststad			

#### Inntektsopplysningar om ektefelle, registrert partner eller sambuar

Skattepliktig person- og kapitalinntekt frå sjølvmeldinga

Event. skattepliktige inntekter som ikkje er kome med på sjølvmeldinga

Sum skattepliktig person- og kapitalinntekt

<i>Beløp</i>

### 3. Opplysninger om barnet/barna

Personnr	Namn	Barnehage	Plass %

Eg har lese rettleiinga til utfylling av søknadsskjema. Eg bekreftar hermed at opplysningane som er gitt ovanfor er rette. Dersom det skjer endringar som har innverknad på søknaden skal kommunen ha melding om dette. Eg gir samtykke til at kommunen kan kontrollere opplysningane i søknaden mot Skattetaten og Folkeregisteret.

Stad/dato:

--

Underskrift

--

Søknad skal sendast til: Leikanger kommune, Skrivarvegen 7, 6863 Leikanger

## Rettleiing til utfylling av skjema

### Opplysningar om søkjar

Søkjar er den føresette/ein av dei føresette som har same folkeregistrerte adresse som barnet/barna. Namn, adresse og personsnummer (11 siffer) må fyllast ut.

Spørsmål om søkjar bur saman med ektefelle, registrert partner eller sambuar må fyllast ut. Dersom du her har svart sambuar, og sambuar ikkje er mor eller far til barnet/barna, må du opplyse om dato for når sambuarforholdet starta .

### Opplysningar om ektefelle, registrert partner eller sambuar

Skal fyllast ut dersom søkjar har ektefelle, registrert partner eller sambuar . Namn, adresse og personnummer (11 siffer) må fyllast ut.

### Opplysningar om barnet/barna

Alle felt skal fyllast ut. Dersom du har fleire barn i barnehage skal du ta med alle barna i søknaden .

### Inntektsopplysningar og dokumentasjon til søknaden

Inntektsopplysningar skal hentast frå siste tilgjengelege sjølvmelding og skal leggjast ved søknaden som dokumentasjon. Sjølvmeldinga vil normalt innehalde dei fleste skattepliktige person- og kapitalinntekter. Dersom det er noko som ikkje er registrert i sjølvmeldinga og som påverkar skattepliktige inntekter, er søkjaren pliktig til å opplyse om dette i søknaden. Dette kan t.d vere utleigeinntekter i rekneskapslikna bustad, lønsinntekter i utlandet, personinntekt i sjølvstendig næringsverksemd, renteinntekter av private utlån og renter av formue i utlandet.

For dei som ikkje har sjølvmelding, t.d. som følgje av kort butid i landet, kan søkjar leggje ved anna dokumentasjon på inntekt. Kommunen gjer då ei skjønsmessig vurdering av kva dokumentasjon som skal leggjast fram og korleis foreldrebetalinga skal utreknast.

I tillegg til inntektsopplysningar for søkjar skal det fyllast ut dokumenterte inntektsopplysningar til ektefelle, registrert partner og sambuar. Inntektsopplysningar til sambuar, som ikkje er mor eller far til barnet, skal fyllast ut berre dersom sambuar er over 18 år og de har budd saman i 12 av dei siste 18 månadane.

### Søknadsfrist

Søknadsfrist framfor nytt SFO-år er sett til 15 juni. Søknader vert elles handsama kontinuerleg og vedtak vil bli gjeldande frå månaden etter at kommunen har motteke søknaden.

### Innsending av søknad

Søknaden skal sendast til den kommunen der barnet/barna er folkeregistrert.

Søknaden kan enten leverast i tenestetorget på kommunehuset eller sendast pr. post. Då søknaden inneheld personopplysningar skal den **ikkje** sendast på epost.